

Til: Landbruks- og matdepartementet

Frå: Dr.ing. Kristen Fretheim, tidl. forskar og forskingsleiar

Dato: 1.2.2016

Innspel til meldinga om jordbrukspolitikken

Etter å ha vore engasjert i eit tiår i debatten kring ei av sidene ved jordbrukspolitikken reknar eg meg som ein "relevant aktør", dvs. ein som kan komme med innspel til denne meldinga.

Mitt innspel går på delmomentet "hvordan matproduksjonen kan økes". Eksplisitt:

Gjeldande mål om at 15 % av jordbruksarealet skal dyrkast økologisk innan 2020, er i direkte motstrid med ambisjonen om å auke matproduksjonen.

Grunnlag for denne utsegna finn ein m.a. i brosjyren "Økologisk korn - Har du råd til å la være?", med innleiande godord av daverande statsråd Lars Peder Brekk, utgitt i 2009 som lekk i ein kampanje forvalta av Statens landbruksforvaltning. Her blir det lagt til grunn at overgang til økologisk dyrking av korn (1) vil gi 40 % reduksjon av avlingane, og (2) dei aktuelle areala må nyttast til dyrking av økologisk gjødsel (grøngjødsel) kvart 4. år. Dette inneber at dei økologiske kornavlingane berre når opp i 45 % av dei konvensjonelle. – Omlegging til økologisk potetproduksjon vil medføre omtrent like stor avlingsreduksjon.

Økologisk planteproduksjon i (forholdsvis) liten skala, dvs. med tilstrekkeleg tilgang på husdyrgjødsel, kan visseleg gi like stor avling som ved konvensjonell dyrking. Men for å nå 15 %-målet er meir økologisk korndyrking det mest aktuelle – i 2014 greidde ikkje Tine å selja meir enn 48 % av den økologisk produserte mjølka som økologisk. Og til økodyrking av korn i så vidt stor skala finst det verken nok husdyrgjødsel, generelt, eller der gjødsel trengst, spesielt.

Etter å ha gått ned kvart år etter 2011 var det økologisk dyrka arealet, inkludert karensareal, på 5,1 % av det totale i 2014; ambisjonen er følgeleg å legge om ytterlegare ca. 10 % til økologisk drift.

15 %-målet inneber at korn-/matproduksjonen på ca. 10 % av jordbruksarealet kan bli redusert til under halvparten i 2020.

Dette produksjonstapet må takast att på dei 85 % av arealet som ikkje blir dyrka økologisk.

Dersom 15 %-målet blir nådd, vil produksjonen på den ikkje-økologiske delen av areala måtte aukast med opptil 6 % for å unngå reduksjon i den totale matproduksjonen. Eventuell nydyrking vil medføre store kostnader og, ikkje minst, betydeleg belastning på miljøet.

[Eg har her lagt til grunn eit 1 : 1-forhold mellom produksjonsreduksjon på dei økologiske areala og produksjonsauke på dei konvensjonelle, men avhengig av dei spesifikke plantekulturane kan endringane i matproduksjonen, målt som energi, avvike noko.]

Det skal såleis andre, svært tunge omsyn til for å kunne halde fast ved målet om at 15 % av jordbruksarealet skal dyrkast økologisk innan 2020.

I framlegget til statsbudsjett for 2016 grunn gav regjeringa den nåverande økosatsinga slik: «Økologiske driftsmåtar kan bidra med kunnskap og erfaringar for meir miljøvennleg produksjon, samstundes som økologiske produkt representerer eit mangfald forbrukarane etterspør.»

Til miljøargumentet: Det kan sikkert finnast eksempel på at økobønder har hatt noko å lære bort til konvensjonelle bønder. Men ei kunnskapsbasert tilnærming inneber at ein gjer best i å lytte til den forskaren som i størst omfang har studert miljøsidene ved dei to driftsformene her i landet: Audun Korsæth ved NIBIO. Han har ordlagt seg slik: «Poenget er at det ikke er slik at økologisk per definisjon er mest miljøvennlig. Begge produksjonsformer har sine fordeler og ulemper.» Den store, grunnleggande skilnaden er og blir dei dramatisk mykje mindre avlingane ved økologisk drift.

Tek ein omsyn til at lågare økoavlingar vil medføre behov for nydyrking i stort omfang, er økologisk produksjon langt mindre miljøvennleg enn konvensjonell produksjon.

Til etterspørselsargumentet: Sjølv om marknadsøkonomi ligg i botnen, er det brei politisk semje i Noreg om at staten skal sikre innbyggjarane varer og tenester som dekkjer sentrale behov. Men det er svært vanskeleg å sjå at økomat kan vere av dette slaget, for den blir i hovudsak kjøpt av to grunнар: Forbrukarane *trur* (1) at han er sunnare, og (2) at økologisk produksjon er meir miljøvennleg. Helse spørsmålet fekk si heimlege avklaring for snart to år sia da Vitskapskomiteen for mattryggleik konstaterte: «Basert på eksisterende forskning, er det ikke grunnlag for verken å si at økologisk mat er bedre eller dårligere for menneskers helse enn konvensjonelt produsert mat.» Her er budskapet klar (sjølv om formuleringa er klønete). Miljø sida ved saka er omtalt ovanfor, og dermed gir konklusjonen seg sjølv: *Etterspurnaden etter økomat har for største delen si årsak i at forbrukarane er feilinformerte om økologisk produksjon og økomat.* (I parentes nemnd: Den statlege økosatsinga gjennom dei siste 15 åra er kanskje den viktigaste årsaka til at Ola og Kari er så sørgeleg desinformerte i desse spørsmåla.)

Det kan ikkje vera ei statleg oppgåve å bidra til dekning av ein etterspørsel med bakgrunn i feilinformasjon. Etterspørselen etter økomat bør marknads mekanismene ta seg av – slik dei gjer det for kosttilskott og andre, meir eller mindre "alternative", produkt.

I lys av ovanstående er mitt innspel til meldinga om jordbrukspolitikken:

Det er ingen logikk i ein politikk med mål om å auke både matproduksjonen og delen økologisk dyrka areal. Ein kunnskapsbasert jordbruks- og matpolitikk kan ikkje ha som mål at Noreg innan 2020 skal ha økologisk dyrking av 15 % av jordarealet og 15 % økologisk av matforbruket.